



## Retningslinjer for tilsynsføreropdrag for Alver barnevernsteneste.

### 1. Arbeidsgodtgjersle og utgiftsdekning

Tilsynsføreropdrag vert dekkja jf. oppdragsavtalen. Timar som går med til bli-kjend-møter, avtalar med saksbehandlar og eventuelle møter skal og førast på timelista. Arbeidsgodtgjering = løn. Utgiftsdekning til for eksempel kafebesøk må bli tatt opp med barnevernstenesta og godkjennast i god tid på førehand.

### 2. Køyregodtgjersle

Tilsynsførar vil få dekkja utgifter til transport til og frå oppdraget, når dette er nemnt i oppdragsavtalen. Km tal må førast på timeliste for å bli utbetalt.

### 3. Rettleiing

Rettleiing vert gitt etter behov og blir avtalt i kvart enkelt tilfelle. Kven som er rettleiar kjem fram i oppdragsavtalen. Rettleiing kan og verta gitt i grupper. Det vil bli gjeve løn for timar med rettleiing. Dette må førast på timelista.

### 4. Rapportar

Barnevernstenesta ber om at tilsynsførar leverer inn rapportskjema snarast etter tilsynsbesøket.

### 5. Timelister

Timelistene må påførast barnet sit PID-nr. og skal leverast innan den 10. kvar månad for å få utbetalt løn månaden etter den 12. Sjå oppdragsavtalen for PID-nr. Timer innan for kalenderåret må leverast innan den 10. januar året etter. Etter dette tidspunkt vil det vere stengt for utbetaling av utførte timer året før.

### 6. Politiattest og teiepliktsskjema

Det skal innhentast ny politiattest for kvart nytt oppdrag. Barnevernstenesta bevitner oppdrag i brev til politiet. Attesten skal ikkje vera eldre enn 3 månader. Teiepliktsskjema skal underteiknast før oppdrag.

### 7. Gyldig oppdragsavtale

Det er fint om tilsynsførar og passer på at det føreligg gyldig oppdragsavtale. Ta kontakt med din kontaktperson i barnevernstenesta dersom oppdragsavtalen er gått ut utan ny avtale. Mangel på gyldig oppdragsavtale kan medføre at det ikkje vert utbetalt løn.



## **8. Oppseiing av avtalen**

Det er 1 månads gjensidig oppseiing. Oppseiing skal skje skriftleg.

## **9. Feriepengar og pensjon**

Oppdrag som tilsynsførar gjev ikkje rett til feriepengar og pensjon, jamfør KS sine retningslinjer.

## **10. Sjukepengar**

Oppdrag som tilsynsførar gjev ikkje rett til sjukepengar, jamfør KS sine retningslinjer.

Isdalstø 02.01.2020

**Sissel Mary Frotjold**

Tenesteleiar